



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
56/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	11.06.2019
35/2019	Kommunestyret	PS	17.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA-S11	19/66

KRAV OM VILKÅRSREVISJON FOR MODALSVASSDRAGET, EKSINGEDALSVASSDRAGET, TEIGDALSVASSDRAGET OG BERGSDALSVASSDRAGET MED TORFINNSVATNET

Vedlegg:

Vilkårsrevisjon Felles kravdokument til NVE

Ekso: Revisjon av konsesjonsvilkår

Innspel til revisjon av konsesjonsvilkår

Innspel revisjon konsesjon Eksingedalsvassdraget

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune fremjar krav om revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringane i Eksingedalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget.

Vaksdal kommune ynskjer at revisjonen særleg skal

- Vurdere vilkår som kan gje betre vassføring gjennom året for å sikre fiske/biologi og god fiskeforvaltning, betre gjennomstrøyming og mindre attgroing og fremje elva sin visuelle karakter i dalføra.
- Vurdere krav til konsesjonær om tiltak for å hindre/reduere attgroing i vassdraga.
- Vurdere krav til konsesjonær om skjøtsel av vegetasjon langs vassdraga, om å sikre betre tilkomst og tilrettelegging for friluftsjnteresser, næringsinteresser og reiseliv, og om å synleggjera visuelle kvalitetar ved landsskapet, fossefall med vidare.
- Vurdere vilkår om tiltak for å hindre spreieing av framande fiskeartar i vassdraga.
 - Setje vilkår som tydeleggjer og forsterkar konsesjonæren sitt ansvar for natur- og miljøforvaltninga i dei regulerte vassdraget herunder overvaking, iverksetjing, gjennomføring og oppfylgning av tiltak samt rapportering og informasjon

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Det vert fastsett vilkår når det vert gitt konsesjonar for tiltak i vassdrag. Konsesjonsvilkår regulerer først og fremst forholdet mellom konsesjonæren og allmenne interesser. På bakgrunn av krav har NVE opna for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringane i Eksingedalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget. Kommune skal samordne krav til NVE. Hovudformålet med revisjon av vilkår er å betre miljøtilstanden i regulerte vassdrag ved å setje nye vilkår for å rette opp miljøskadar og

ulemper som har oppstått som følge av reguleringa. Dette må vegast mot formålet med konsesjonen som er kraftproduksjon.

Formelt grunnlag

Vassdragsreguleringslova
Vannressurslova (vrl).

Bakgrunn for saka

Det vert fastsett vilkår når det vert gitt konsesjonar for tiltak i vassdrag. Konsesjonsvilkår regulerer først og fremst forholdet mellom konsesjonæren og allmenne interesser. Ein del vilkår er fastsett i lov, mens andre vert utforma individuelt for det enkelte tiltak. Eit vassdragsinngrep vil som regel bestå over lang tid. Endra samfunnsforhold, lovverk og endra syn på natur og miljø har gitt auka fokus på miljøomsyn. Med det har det oppstått eit behov for å kunne pålegge rettighetshavarar til eldre konsesjonar plikter utover det dei gjeldande vilkår gir heimel for. Det er likevel ikkje gitt at vilkåra i eldre konsesjonar vert endra som følge av utviklinga, kvar konsesjon må vurderast konkret.

På bakgrunn av krav frå Eksingedalen Bygderåd (2011) og Forum for natur og friluftsliv i Hordaland (2014) har NVE opna for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringane i Eksingedalsvassdraget. Krav frå Voss Klekkeri (2015) om revisjon av konsesjonsvilkår for Torfinnsvassdraget opnar for å inkludere Bergsdalsvassdraget. Likelydande krav har kome inn for Teigdalsvassdraget (Voss) og Modalsvassdraget. NVE ynskjer å sjå alle revisjonssakene samla.

Hovudformålet med revisjon av vilkår er å betre miljøtilstanden i regulerte vassdrag ved å setje nye vilkår for å rette opp miljøskadar og ulemper som har oppstått som følge av reguleringa. Dette må vegast mot formålet med konsesjonen som er kraftproduksjon.

I følge vassdragsreguleringslova er det konsesjonsvilkåra som kan reviderast, ikkje konsesjonen. Det vil sei at overføringane i og reguleringsgrensene for konsesjonen ikkje er til revisjon.

I ei revisjonssak kan det blant anna vera naturleg å stille krav om tiltak for å avbøte skader og ulemper knytt til: magasinopbygging og -tapping, vassføring (og vassføringsvariasjon), vassstemperatur og vasskvalitet (val av kjelder for vass-slipp gjennom året), hyppige endringar i vassstand og vassføring, vandringshindringar for fisk (både opp- og ned-vandring), naturmiljø i og langs vassdraget (fisk, fugl, biologisk mangfald, friluftsliv, landskap mv.) og andre forhold som følger av utbygginga, for eksempel vegar, ferdsløp, merking, kulturminne etc.

Privatrettslege forhold er ikkje omfatta av ein vilkårsrevisjon, jf. Ot.prp. nr. 50 (1991-92) s. 78 første spalte: *"Grunneiere og andre rettighetshavere faller imidlertid utenfor fordi deres stilling må ansees avgjort ved skjønn."* Grunneigarar, elveeigarlag og andre private har fått erstatning for sine tap, og må gjere opp sine forhold direkte med konsesjonæren.

I ein revisjon er det fordeler for allmenne interesser som skal vurderast og balanserast mot samfunnsmessige ulemper. Fordelar for allmenne interesser kan for eksempel vera betre fiske, enklare ferdsløp og positive landskapsverknader. Samfunnsmessige ulemper er for eksempel tapt kraftproduksjon og svekka kraftbalanse som skaper behov for anna produksjon.

Vurderingar ved revisjon er ikkje dei same som ved ein ny vasskraftkonsesjon. For nye inngrep skal det gjerast ein samanlikning av eit omsøkt inngrep sett opp mot eksisterande tilstand før inngrepet er utført. Ved ein revisjon skal det gjerast ei samanlikning av eit allereie utbygd kraftanlegg sett opp mot anlegget med føreslåtte avbøtande tiltak. Det relevante samanlikningsgrunnlaget ved ein revisjon er med andre ord ikkje tilstanden før reguleringa.

Det skal gjerast ei heilskapleg vurdering for å vega fordelane og ulempene. Eit viktig omsyn er i kva grad nye eller endra vilkår gjev mogelegheiter for vesentlege miljøbetringar. Eit anna viktig omsyn vil vera i kva grad nye eller endra vilkår vil medføre redusert krafttilgang for samfunnet sett opp mot krav til forsyningsikkerheit, behov for fornybar energi, kostnaden ved tiltaket for konsesjonæren med vidare.

Saksgangen i ein revisjon:

1. Krav om revisjon Representantar for allmenne interesser grunngjev behov for endringar/krav overfor NVE (vassdragsmyndigheit), eller NVE begynner revisjonssak der behova allereie er tilstrekkeleg dokumentert.
2. Konsesjonær kommenterer krava. NVE ber konsesjonær kommentere krava og samtidig vurdere om det er O/U prosjekter (opprusting og utvidingsprosjekt) som kan sjåast i sammenheng med ein eventuell revisjon.
3. Opne revisjonssak. NVE avgjer om revisjonssak skal opnast . Avgjersla kan påklagast til Olje- og energidepartementet.
4. Utarbeiding av revisjonsdokument. Konsesjonær utarbeider revisjonsdokument etter mal.
5. Revisjonsdokument på høyring. NVE sender revisjonsdokumentet på høyring til berørte partar.
6. Kommentering av innkomne høyringsuttalar. NVE sender høyringsuttalane til konsesjonær for uttale og kan krevje faglege tilleggsundersøkingar eller ann fagleg relevant dokumentasjon.
7. Innstilling til OED. NVE oversender innstilling til OED om eventuelle endringar av vilkår, med forslag til nye vilkår.
8. Kongen i Statsråd vedtar revisjon av reguleringskonsesjonen ved kongeleg resolusjon.
9. Konsesjonæren får mogelegheit til å sei frå seg konsesjonen.
10. Nye konsesjonsvilkår trer i kraft.

Samordning av krav mellom involverte kommunar

Revisjonen involverer kommunane Voss, Vaksdal, Modalen, Vik, Høyanger og Kvam. Høyanger kommune er i liten grad berørt og ynskjer ikkje å fremje krav om konsesjon. Øvrige kommunar har i fellesskap fått utarbeida eit kravsdokument på vegne av kommunane. Voss kommune har koordinert arbeidet og Rådgjevande biologar AS har samla dokumentasjon og har utarbeidd kravdokumentet.

Kommunane har gjennomført ei høyring og har fått inn skriftlege uttalar som del av dokumentasjonen. Vaksdal har fått inn 3 høyringsuttalar frå Bergsdalen Jordbrukslag, Eksingedalen Bygderåd og Øvre Eksingedalen grunneigarlag som ligg ved saka.

I forkant av høyringa inviterte Vaksdal kommune til eit møte med lag og organisasjonar om saka. Alle kommunane har hatt møte med konsesjonæren BKK.

Kvar kommune sender inn sine krav saman med den samla saksutgreiinga til NVE.

Vurdering

Hovedformålet med en revisjon av vilkår vil være mogelegheiten for å betre miljøforholda i regulerte vassdrag. Revisjonsadgangen er meint å gje ei modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkåra. Revisjonen skal også gje høve til å oppheve vilkår som har vist seg urimelege, unødvendige eller uhensiktsmessige. Revisjonen gir høve til å setje nye vilkår for å rette opp skader og ulemper for allmenne interesser som har oppstått som følge av reguleringane. Dette er særleg aktuelt ved skader og ulemper som ikkje var føresett på konsesjonstidspunktet eller som i dag vurderast annleis som følge av endra samfunnsforhold og verdsetting av miljøkvalitetar.

Rådmann finn at det er grunnlag for kommunen å fremje krav om revisjon av vilkåra for Eksingedalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget. Dette er eldre konsesjonar og det kan vera behov for å vurdere vilkåra som er sett. Det er peika på ein del utfordringar og manglar ved gjeldande vilkår som ein kan sjå nærare på ved ein revisjon.

Det er gjennomgåande at dei lokale interessegruppene ønskjer at konsesjonen tydeleggjer og forsterkar konsesjonæren sitt ansvar for natur- og miljøforvaltinga i dei regulerte vassdraget. Dette med omsyn til både:

- Overvaking
- Iverksetting, gjennomføring og oppfølging av tiltak
- Rapportering og informasjon

Tilbakemeldingane kan samanfattast i følgjande hovudpunkt:

Tiltak som sikrar tilstrekkeleg/betre vassføring gjennom året:

- Fiske/biologi
- Utsjånad/visuell karakter – fossefall o.l.
- Betre gjennomstrøyming (betre vassmiljø, minske attgroing)

Samla plan for skjøtsel av vegetasjon land vassdraget ut frå:

- Biologisk produksjon
- Tilkomst (næring, friluftsliv, reiseliv)
- Visuelle kvalitetar (landskap karakter/verdi, opplevingar, mm)

Framande fiskeartar

- Avgrense spreiiing av framande fiskeartar (røye)

Nye vilkår skal balanserast mot kraftbehov og forsyningstryggleik generelt. For Vaksdal kommune som eigarkommune i BKK er også dette omsynet viktig. Økonomiske konsekvensar av redusert kraftproduksjon vil også ha betydning for kommunen si utvikling i framtida. Dette er vurderingar kommunen må ta stilling til når ein vurderar om ein ynskjer å fremje krav om revisjon. Det er og døme på kommunar som gjennom ein god dialog med konsesjonær har inngått avtalar om tema og bestemte krav i revisjonssaken.

Rådmann tilrår å sende krav om revisjon av vilkåra for å få ei heilskapleg vurdering av forholda og mogelege tiltak som kan betra miljøsituasjon i og rundt vassdraga. Ein god dialog med konsesjonær om tema og vilkår ser rådmann positivt på.

Framlegg til revisjonskrav:

- Vurdere vilkår som kan gje betre vassføring gjennom året for å sikre fiske/biologi og god

fiskeforvaltning, bedre gjennomstrøyming og mindre attgroing og fremje elva sin visuelle karakter i dalføra.

- Vurdere krav til konsesjonær om tiltak for å hindre/reducere attgroing i vassdraga.
- Vurdere krav til konsesjonær om skjøtsel av vegetasjon langs vassdraga, sikre betre tilkomst og tilrettelegging for friluftsiinteresser, næringsinteresser og reiseliv, og synleggjere visuelle kvalitetar ved landsskapet, fossefall med vidare.
- Vurdere vilkår om tiltak for å hindre spreiiing av framande fiskeartar i vassdraga.
 - Setje vilkår som tydeleggjer og forsterkar konsesjonæren sitt ansvar for natur- og miljøforvaltinga i dei regulerte vassdraget herunder overvaking, iverksetjing, gjennomføring og oppfylgning av tiltak samt rapportering og informasjon